



Arkivnr: 2014/558-219
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		02.11.2016

Budsjett 2017 - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 for Hordaland fylkeskommune vart presentert 19. oktober. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har for 2017 fått tildelt 410 000 kr i fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett.

Det kjem til politisk handsaming i november dei faste utvala (KIRU, MISA og OPHE), fylkesutvalet og vert endeleg vedteke i fylkestinget i desember. I budsjettforslaget ligg forslag til budsjett for rådet, samt alle dei sakene som RMNF jobbar for og med.

Om RMNF ønskjer ei endring i fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 må ein kontakte politikarar direkte eller ved å sende ei uttale til budsjettet til dei politiske utvala og fylkestinget. Dette bør ein gjere så tidleg som mogleg. Det er kort tid frå budsjettet vert lagt fram til politikarane skal gjere vedtak i saka.

RMNF gjorde slikt vedtak i samband med budsjett 2017 i rådsmøtet 28.09.2016:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha særskilt fokus på midlar til universell utforming som skal vere gjennomført innan 2019 (status og kor finn ein summen i budsjettet), om endringane i skuleskyss vert reflektert i endringar i budsjettet til opplæringsavdelinga, rådet sitt eiga budsjett og tilskot til frivillige organisasjonar (som FFO og SAFO).»

RMNF har møte 2. november. Då kjem leiar for budsjettarbeidet slik at de får ein gjennomgang av budsjettet og kan stille spørsmål.

Forslag til førebels budsjett 2017 for RMNF frå administrasjonen vert utarbeida på bakgrunn av ønskja aktivitetar og forslag til tildeling frå fylkesrådmannen. Saka om førebels budsjett 2017 for RMNF vert derfor tidlegast fremja til november-møtet.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med slik uttale til budsjettet 2017:

.....

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariat

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.